

**Fra:** Marianne Vara []

**Til:** Einar Kåre Ulla [Einar.Kare.Ulla@sfj.no]; Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

**Kopi:** Alvhild Orvedal [Alvhild.Orvedal@sfj.no]

**Sendt:** 14.11.2016 09:25:57

**Emne:** SV: Revisorbrevet

**Vedlegg:**

Til Sogn og Fjordane fylkeskommune  
v/Kontrollsjef Einar Ulla

Viser til motteke svar på Revisorbrev 3/2016 og svar på revisorbrevet frå fylkeskommunen datert 27.09.2016.

Årsmelding 2015: Dette vil bli følgt opp i samband med årsoppgjersrevisjon for rekneskapsåret 2016.

Avstemming av kontokasser og omsetning på tannklinikane og dei vidaregåande skulane: Dette blir følgt opp løpande både i samband med interimrevisjon 2016 og årsoppgjersrevisjon 2016. Gjennomført interimrevisjon 2016 syner forbetringar både på tannklinikkar og vidaregåande skular.

Føring av anleggsregister: Dette vil bli følgt opp i samband med årsoppgjersrevisjon for rekneskapsåret 2016.

Bundne fond og renter: Vi har hatt ein dialog med Alvhild Orvedal rundt denne problemstillinga. Det er oppretta eigen bankkonto for spelemidlar, men rentene vert ikkje overført løpande slik at bankkontoen per 31.12. er oppdatert med korrekt beløp. Oppdateringa skjer manuelt ein stund etter årsskifte og periodisert slik at rentene vert presentert på rett konto i årsrekneskapen. Etter ei ny vurdering har vi kome fram til at mangelen ikkje er av ein slik storleik at det er naudsynt å følgje dette vidare opp.

Med vennleg helsing frå

Marianne Vara  
Dagleg leiar

SF revisjon IKS  
41530961

**Fra:** Einar Kåre Ulla  
**Sendt:** fredag 11. november 2016 12:33  
**Til:** Marianne Vara <Marianne.Vara@sf-revisjon.no>  
**Emne:** Revisorbrevet

Hei Marianne

Vi har snakka om at du skal gje meg ei tilbakemelding i høve til administrasjonen sitt svar på revisorbrev 3-2016. Du fekk også vidaresendt ein e-post som eg fekk frå Alvhild (14.10.16). Eg håper du kan gje meg ei tilbakemelding før måndag kl. 12.

Med helsing

Einar Ulla

kontrollsjef, sekretariatet for kontrollutvalet

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [Einar.Kare.Ulla@sfj.no](mailto:Einar.Kare.Ulla@sfj.no)

tlf: +47 57638051 | mob: +47 97190734